


Ved periodisk ajourhald tek vi utgangspunkt i siste versjon av FKB-AR5 som inneheld endringar frå kommunen sitt kontinuerlege ajourhald. Her er dei viktigaste prinsippa ved periodisk ajourhald:

- FKB-AR5 skal vise arealtilstand, og ikkje bruk.
- Endringar skal ikkje framskrивast, det er dagens tilstand som skal registrerast i FKB-AR5. Ved periodisk ajourhald er det arealtilstand ved tidspunkt for flyfotografering som vert registrert.
- FKB-AR5 vert lagt over nyaste ortofoto slik at det er mogeleg reint visuelt å sjå om kartet stemmer med det ein kan sjå i bildet. Der ortofoto syner at det er endringar i landskapet, vert areala ajourført.
- Dersom kommunen har gjort registrering av nyare dato enn ortofoto, let vi kommunen si registrering stå uendra.
- Areal vi trur er klassifisert feil vert gjennomgått med kommunen før leveranse. Dersom det står att areal som kommunen ønskjer å sjå på i felt, merker vi desse med informasjon "NIBIO trur arealet kan være klassifisert feil. Kommunen må sjekke arealet".
- Der vi er usikre på om arealet framleis held kravet til registrert arealtilstand, held vi på arealtypen og merker objektet med synbarhet 3, "svært usikker".

Døme på ajourføring frå ortofoto:



Kva har NIBIO endra i min kommune?

Etter at NIBIO har ajourført FKB-AR5, samanlikner vi FKB-AR5 før og etter det periodiske ajourhaldet. Areal som er endra, vert vist i eit eige kartlag i Kilden, "Endringer NIBIO", under Markslag (AR5).

Kartlaget er også grunnlag for ein endringsstatistikk, sjå:

http://www.skogoglandskap.no/seksjoner/ar5_endringsanalyse

Sjå nærare skildring i "Kart og statistikk over endringer".

Endringsanalyse er berre gjort frå og med 2011, det vil derfor vere mange kommunar der slike data førebels ikkje er tilgjengeleg.

Kvar finn eg FKB-AR5 flatene som NIBIO har merka?

Kilden har eit eige kartlag som syner flater som er merka med usikker kode (synbarhet 3) og flater merka med informasjon.

Kartlaget heiter Manuskart(A5) og ligg under Markslag (AR5) – For forvaltningen.

Kilden: <http://www.skogoglandskap.no/kilden>

«Manuskart» i Kilden syner flater som er «merka»:

- Der NIBIO meiner arealet kan vere klassifisert feil, er grensa teikna med blå farge. Flata er merka med informasjon, og bør sjekkast av kommunen.
- Der NIBIO er usikker på eigen klassifisering fra tolking i flybilette, er grensa teikna med lys blå farge. Flata er merka med synbarhet 3.



Tegnforklaring

AR5 Manuskart

~ Usikre AR5-flater

~ AR5-flater m/info

~ AR5-flater